
Saksnr: 2021/47962-1
Saksbehandlar: Elin Molven

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		17.11.2021
Fylkesutvalet		30.11.2021
Fylkestinget		15.12.2021

Fylkeskommunale medlemskap i organisasjonar

Forslag til vedtak

1. Fylkestinget ber om at fylkesdirektøren legg fram sak der alle fylkeskommunale medlemskap vert presenterte.
2. Fylkestinget ber fylkesdirektøren greie ut kva konsekvensar dei ulike medlemskapa har for å få utført det fylkeskommunale samfunnsoppdraget.
3. Fylkestinget ber fylkesdirektøren å utarbeida kriteria som skal nyttast i vurderinga av gamle og nye medlemskap.

Samandrag

Vestland fylkeskommune har medlemskap i ei lang rekkje organisasjonar. Det er behov for å gjennomgå og vurdera medlemskapa med ein prinsipiell innfallsvinkel. Kva medlemskap skal oppretthaldast, avsluttast eller teiknast? Det bør fastsetjast kva kriteria som skal leggjast til grunn for å behalda gamle medlemskap eller inngå nye. Ein bør særleg vurdere om medlemskapa er viktige for å få gjennomføra det fylkeskommunale oppdraget. Dei økonomiske konsekvensane av medlemsskapa bør også sjåast på, ettersom det for heile fylkeskommunen vert brukt om lag 25 millionar kroner årleg på ulike medlemsskap og kontingentar.

Rune Haugsdal
fylkesdirektør

Per Morten Ekerhovd
avdelingsdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fylkeskommunen har medlemskap i ei lang rekkje organisasjonar. Medlemsorganisasjonane det er tale om er som regel registrerte som foreiningar, lag eller er organisasjonar skipa med ideelt eller interessepolitisk føremål. Det ligg ikkje føre eige regelverk som regulerer verksemda til denne typen samanslutningar, og styringsgrunnlaget ligg i organisasjonen sine vedtekter og ulovfesta foreiningsrett.

Kva skal være avgjerande for om ein teiknar medlemskap eller ikkje? Fylkesdirektøren ynskjer, med ein prinsipiell innfallsvinkel, å vurdere om Vestland fylkeskommune skal halda fram med dei ulike medlemsskapa, altså om- og i kva grad fylkeskommunen bør eller skal være medlem av ulike interesseorganisasjonar innanfor sine ansvarsområde.

For heile fylkeskommunen vert det brukt i underkant av kroner 25 millionar kr årleg på ulike medlemskontingentar. Dette er dermed ein betydeleg utgiftspost, og gjer det naudsynt å sjå medlemskapa frå eit økonomisk perspektiv.

Moment i vurderinga av medlemskap

Fylkesdirektøren vil peike på følgjande moment i vurderinga av dei ulike medlemskapa:

Forvaltningsetikk:

Fylkeskommunen si verksemd skal være basert på god forvaltnings- og forretningsskikk, sikre at gjeldande lover og reglar vert følgde, bidra til at fylkeskommunen når sine mål og oppfyller samfunnsoppdraget sitt. Medlemskap må ikkje vere i strid med dette.

Fylkeskommunen sitt ansvar som politisk styringsorgan:

Fylkeskommunen bør som folkevald styringsorgan ikkje driva politikk gjennom kontingentar eller gjennom medlemskap, men halde dette innanfor den etablerte politiske strukturen (hovudutval, fylkesutval, fylkesting). Fylkeskommunen kan heller ikkje være medlem i organisasjonar som kjem i konflikt med fylkeskommunen sine verdiar og politiske avgjerder.

Likehandsaming:

Eit sentralt premiss for drøftinga er at fylkeskommunen har ei leiarrolle i utvikling av fylket. I dette ligg å leie interessehevdingsarbeidet, og dermed også å samordne og avvege interessene til ulike aktørar. Å ha fylkeskommunen som medlem kan ha innverknad på ulike vis. Til dømes kan dette medføre eit gode som ikkje andre organisasjonar får. Behovet for likehandsaming av innbyggjarane gjer at ein også må å ta omsyn til alle dei organisasjonane som fylkeskommunen ikkje har medlemskap, slik at ein balanserer den fylkeskommunale merksemda. Eit spørsmål i denne vurderinga vil også være om verksemda sitt nedslagsfelt er lokalt, regionalt, nasjonalt eller globalt.

Medlemskap og det fylkeskommunale samfunnsoppdraget:

Det bør vurderast om eit medlemskapet er viktig for å få gjennomført det fylkeskommunale oppdraget, og ein bør ta stilling til kva fylkeskommunen ynskjer med kvart medlemskap.

Ei rettesnor i vurderinga, kan vere om fylkeskommunen har fordel av medlemskapet med tanke på å få gjennomført det fylkeskommunale oppdraget. Medlemskap kan td vere tenleg for at lokale og regionale interesser vert tekne vare på.

I mange tilfelle fattar ulike organisasjonar der fylkeskommunen er medlem, sjølvstendige vedtak om tilhøve som gjeld det fylkeskommunale politikkområdet, utan at dette er i samsvar med fylkeskommunen sitt vedtekne syn. På denne måten vil fylkeskommunen som medlem, koma i ein situasjon der eigen politikk vert svekka og der fylkeskommunen sin legitimitet vert brukt av interessegrupper utan at dette reflekterer fylkeskommunen sin ståstad.

Konkurranssevriding:

Det er viktig at det fylkeskommunale medlemskapet ikkje vert årsak til ei vriding av konkurransen i det private næringslivet.

Fylkeskommunale medlemskap på vegner av tilsette:

Medlemskapet skal eller bør ikkje vera inngått eine og aleine med omsyn til dei tilsette i fylkeskommunen. Desse kan sjølv bestemma kvar dei er medlemmer som privatpersonar.

Organisasjonsformer:

Fylkeskommunen skal som regel ta stilling til om ein skal slutte seg til ein eksisterande organisasjon, og spørsmålet om kva som er føremålstenleg organisasjonsform kjem derfor sjeldan på spissen. Som nemnt over gjeld dei fleste medlemskapa foreiningar, lag eller innretningar, og her ligg styringsgrunnlaget i vedtektene og i ulovfesta foreiningsrett.

For dei medlemskapa som gjeld interkommunalt samarbeid skal samarbeidet skje gjennom eit interkommunalt politisk råd, kommunalt oppgåvefelleskap, vertskommunesamarbeid, interkommunalt selskap, aksjeselskap eller samvirkeføretak, ei foreining eller på ein annan måte som det er rettsleg høve til, jf. kommunelova § 17-1.

Samanslutningar som har til føremål å fremje medlemmane sine økonomiske interesser gjennom deira samhandling med føretaket *skal*/organiserast som samvirkeføretak, jf. samvirkelova § 1.

Behov for kriterier

I dag er det ikkje bestemt verken politisk eller administrativt kva kriteria som skal nyttast ved framhald av- eller ved å teikne nye medlemsskap. Dette bør ha si eiga utgreiing i eiga sak, der dei ulike kriteria vert utarbeidde.

Vedtakskompetanse

Saka er av prinsipiell karakter, og vert difor lagt fram for fylkestinget. Fylkestinget er etter kommunelova § 5-3 det øvste organet i fylkeskommunen. Fylkestinget har vedtakskompetanse i denne saka, då fylkestinget skal ta seg av alle oppgåvene som fylkeskommunen har ansvaret for. Som øvste organ gjer fylkestinget vedtak på vegner av fylkeskommunen så langt ikkje anna følgjer av lov, forskrift eller delegeringsvedtak. Fylkestinget har all mynde som ikke positivt er lagt til andre organ. Dette jamfør Reglement for fylkestinget.

Vurderingar og verknader

Saksutgreiinga over syner til at det er naudsynt med ein gjennomgang og utgreiing av fylkeskommunale medlemskap på eit prinsipielt nivå. I denne utgreiinga må alle fylkeskommunale medlemskap verta presentert.

Denne utreiinga må syna kva konsekvensar dei ulike medlemskapa har, for å få utført det fylkeskommunale oppdraget. Det vert også naudsynt å utarbeida kriteria som skal nyttast ved eventuell framhald av gamle- og oppretting av nye medlemskap.

Økonomisk har dette også ei betydning, då fylkeskommunen brukar vesentlege midlar på ulike medlemskap i dag.

Økonomi: For heile fylkeskommunen samla vert det brukt om lag 24 504 323 millionar kroner årleg på ulike medlemsskaps og kontingentar. Det vert også brukt om lag 1 266 581 millionar kroner årleg på ulike abonnement.

Klima: Ikkje relevant.

Folkehelse: Ikkje relevant.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi): Ikkje relevant.

Konklusjon

Det er behov for ein gjennomgang med vurdering av dei fylkeskommunale medlemskapa ut frå ein prinsipiell innfallsvinkel.

Alle medlemskapa må presenterast i ei eige utgreiing. Utreiinga må syna kva konsekvensar dei ulike medlemskapa har, for å få utført det fylkeskommunale samfunnsoppdraget. Det bør her avklarast om medlemskapa er viktige for å få gjennomføra det fylkeskommunale oppdraget på ein tilfredsstillande måte.

Det økonomisk perspektivet i forhold til medlemsskapa må også vurderast. I tillegg bør det utarbeidast kriteria som skal nyttast ved vurdering av både gamle og nye medlemskap. Kriteriene må vera både retningsgevande og til hjelp i arbeidet om dei ulike medlemskapa skal oppretthaldast, avsluttast eller eventuelt nye medlemskap skal bli inngått.

